



Årsmelding 2022

For

Fagforbundet Masfjorden/Modalen 503

Innleiing

Årsmeldinga er fagforeningsstyret sin rapport til medlemmene. Den skal vise i kva grad styret har lukkast med å gjennomføre handlingsplanen som årsmøtet vedtok for perioden.

Styret har i perioden hatt følgjande samansetning:

Fagforeningsstyret	Namn	Honorar
Leiar	Britt Inger Myhr	15 000
Nestleiar	Liv Oda Dale	
Opplæringsansvarlig	Sigrun Haugsdal Reknes	
Kasserer	Solveig Grimslund	7 500
Leiar Yrkesseksjonen Helse og Sosial	Lene Molland	
Leiar Yrkesseksjonen Kyrkje, kultur og oppvekst/Fane2	Merete Myhr Hope	7 500
Leiar Yrkesseksjonen Samferdsel og teknisk	Ann Jessica Fawcett	
Leiar Yrkesseksjonen kontor og administrasjon	Liv Oda Dale	
Ungdomstillitsvalt	Hala Mtan	
Pensjonistillitsvalt	Lillian Haugsdal	
Styremedlem	Kristin Meiling	



FAGFORBUNDET

Styremedlem	Ann-Camilla Wergeland	
Styremedlem	Mariann F Andvik	
Vara pensjonisttillitsvalt	Alvhild Ynnesdal	
Vara styremedlem	Monica Holme	
Vara styremedlem	Tone Høydal Duesund	

Arbeidet i styret blir gjort på fritida, då ingen i styret er frikjøpte. Det blir derfor betalt honorar til dei som har litt meir arbeid enn resten av styret.

Frikjøp for HTV i 2022:

Verv	Navn	Frikjøpsprosent	Tariffavtale
HTV Masfjorden	Britt Inger Myhr	60%	KS
HTV Modalen	Kristin Meiling	6,7%	KS

Valkomiteen

Valkomiteen har bestått av:

Leider	Sigrun Reknes
Medlem	Anne Britt Almelid
Medlem	Tone Høydal Duesund

Revisorar

Til å revidere rekneskapen, har vi hatt fylgjande personar:

- 1: Hege Molland Søvik
- 2: Ingvill Molland Hafsås

Representantar til Representantskap fylkeskretsen/Fylkesmøte

Til Fagforbundet Hordaland sitt Representantskap/Fylkesmøte har fagforeininga hatt følgjande representantar:

- Britt Inger Myhr
- Liv Oda Dale
- Vara Sigrun Haugsdal Reknes
- Vara Solveig Grimslund
- Vara Merete Myhr Hope
- Vara Lene Molland



Representantar til LO lokalt

Britt Inger Myhr
Liv Oda Dale
Sigrun Haugsdal
Solveig Grimslund
Merete Myhr Hope
Lene Molland

Kontorforhold

Fagforbundet Masfjorden/Modalen bruker kontoret som HTV i Masfjorden har fått tildelt på kommunehuset. Datautstyr osv. for HTV er dekket av kommunane. Kasserar har pc og Fane2. ansvarleg har pc. Utstyret er i god stand. Fagforbundet Masfjorden/Modalen har ingen tilsette.

Økonomi

Bankinnskott 31.12.2021	Bankinnskott 31.12.2022	Eigenkapital 31.12.2021	Eigenkapital 31.12.2022	Verdi av fast eigedom (hytter, ferieheim, aksjar i eigedom, stiftelsar etc.)
177 446,04	69 963,03	177 446,04	78 040,03	0

Når det gjeld budsjett og regnskap viser me til eiga sak på årsmøtet.

Beskriving av organisasjonsområde for fagforeininga - medlemmer og tillitsvalde fordelt på tariffområder

Fagforeininga har per 31.12.2022 medlemmer og tillitsvalde etter hovudavtalen innanfor følgjande tariffområder:

Tariffområde	Antall medlemmer	Antall tillitsvalte
KS	180	Masfjorden 9 + HTV, Modalen 3 + HTV
KA	0	



Fagforeininga si klubborganisering hjå ulike arbeidsgjevarar

(jfr. vedtektenes § 11.7).

Arbeidsgivar	Tariffområde	Namn på HTV	Klubbstyre (JA/NEI)
Masfjorden	KS	Britt Inger Myhr	Nei trenger hjelp til dette
Modalen	KS	Kristin Meiling	Nei trenger hjelp til dette

Møter

Årsmøtet vart halde 21.02.22 på Matre og behandla følgjande saker:

- Årsmøtesaker

Det var medlemsmøte på Solheim 27. oktober. Meir enn 60 medlemmer deltok på medlemsmøte, der Trond Haukedal held eit engasjerande innlegg.

Det vart servert raspeballer med tilbehør, kaffi og kaker. Det vart delt ut diplom og nål til dei som hadde vore medlemmer i over 25 år.

Det har vore gjennomført fem styremøte. Utanom møta har me behandla saker på e-post eller på Messenger etter behov. Me har behandla vanlege styresaker. Modalen uttaler at dei syns det har vore vanskeleg å delta på styremøta. Dette skuldast delvis avstandar og praktiske problem.

Me har og prøvd å gjennomføre styremøte på teams, men det er delte meningar om nytten av dette. Det er klart at diskusjonane er betre ved fysisk frammøte, men bruk av teams kan sikre betre kontinuitet og deltaking.

Verving er alltid eit tema som er oppe å styremøta - korleis me skal få auka medlemstalet og då spesielt korleis me skal få verve dei som jobbar helg.

Medlemsbevegelse og verving

Me prøver å få verva nye medlemmer heile året. Å markere dei ulike yrka sin dag er til stor hjelp i dette arbeidet. Det å vere synleg på arbeidsplassane gjer at me får verva nye medlemmer.

Me har ei aktiv facebook-side og Snapchat, der me legg ut bilde når me har markert dei ulike yrkesdagane eller når me har vore på besøk på ein arbeidsplass. Når nye tilsette begynner i jobb i kommunane, er me raskt ute med å fortelje om Fagforbundet, kven som er tillitsvald osv. Me klarte å nå måla som var sett opp for oss i år, dette syns me var veldig kjekt. Etter kartlegging me har gjort er dei fleste uorganiserte i Masfjorden dei som jobbar helg.

I Modalen har me større vervepotensiale, der har me Delta som ein konkurrent.

Me er veldig fornøgde med vervinga vår dette året.

Fagforeiningas vervemål	Måloppnåing
10	16



Medlemstall totalt		Medlemstall yrkesaktive					
01.01.22	31.12.22	01.01.22		31.12.22			
282	287	188		190			
		Studentar		Lærlingar		Elevor	
		3	3	7	10	2	3

Me har ikkje vidaregåande skule, så me har berre verva studentar, elevor og lærlingar ute på dei ulike avdelingane.

Dei fleste som melder seg ut av forbundet tar me kontakt og me har ein samtale med dei om kvifor dei vil melde seg ut. Dei fleste av utmeldingane er på grunn av byte av yrke, eller får jobb i ein anna kommune, så me overfører dei til ein anna fagforeining.

Aktivitet i utvala

Fagforbundet Masfjorden/Modalen har ikkje utval.

Representasjon

Oversikt over kva verv fagforeininga har hatt medlemmer i:

Region

- Britt Inger Myhr sit som nestleiar i yrkesseksjonsstyret for helse og sosial i Fagforbundet Vestland.
- Sigrun Reknes sit i opplæringsutvalet i Fagforbundet Vestland.
- Liv Oda Dale sit i yrkesseksjonsstyret for kontor og administrasjon i Fagforbundet Vestland.
- Britt Inger Myhr er vara til regionstyret.

Faglig/politisk utval

Britt Inger Myhr er leiar i Masfjorden Arbeidarparti og sit i kommunestyret.

I Masfjorden har me skriftleg avtale med Arbeidarpartiet. Det har vore snakk om ein skriftleg avtale med Senterpartiet, men den er ikkje underskriven. I Modalen har dei folkeliste, men HTV har kontakt med politikarane der det er hensiktsmessig.

Andre utval

- Britt Inger Myhr er nestleiar i LO Nordhordland.
- Styrer, råd og utval som Fagforbundet har representantar i kommunane: AMU, ADMU og Tilsetjingsutval.



Organisasjonsbygging – godt fagforeiningsarbeid

Kurs

Det har vore lite kurs i år, me har prøvd å delta på dei me har kunna på teams.

Type kurs:	Antall TV gjennomført	Registrert i AOF
Fase 1	3	x
Kasserer kurs	1	x
HTV Kurs	2	x
Veilederskulering	1	x
Arbeidsrett	1	x

Konferansar

- Britt-Inger Myhr, Sigrun Reknes og Lene Molland deltok på representantskapet i Fagforbundet Vestland i mars i Bergen. Britt Inger Myhr, Merete Myhr Hope og Lene Molland deltok på representantskapet som var i Førde i November.
- Me gjennomførte styreseminar i mai på «MS Bergensfjord». Sigrun Bøe Perez frå forbundsregionen var innleiar og hadde hovudansvaret for seminaret. Hovudtema var arbeidet i yrkesseksjonane.
- Britt Inger Myhr deltok på Landsmøtet i oktober i Oslo.
- Britt Inger Myhr deltok på Landskonferansen i november på Gardermoen.

Bruk av organisatorisk frikjøp/«spleiselag»

Fagforeningar har søkt om økonomiske midlar til organisatorisk frikjøp.

Midlane er blitt brukt til blant anna fleire besøk til Modalen for å verve sjukepleiarar og til å verve medlemmer innan brann og redning.

Heiltid, likeløn og kampen mot auka forskjellar

Me har i løpet av året fremma krav etter aml kap.4, det har vore gjennomført drøftingsmøte om bruk av bemanningsforetak. Me krev heile, faste stillingar.

Fag, yrkes- og kompetanseutvikling

I Masfjorden har me vore med og utarbeida overordna kompetanseplan. Me har arbeidd opp mot arbeidsgjevar for å auka talet læreplassar.



Miljø og klima

Me har slutta å skrive ut papir til møter og me tenker igjennom før me gjer innkjøp.

Organisasjonsbygging og tariffmakt

Me har gjennomført kurs/styreseminar. Når me møter nye tilsette så presenterer me oss, og tilbyr medlemskap i Fagforbundet. Me er ute på arbeidsplassar og markerer for eksempel dei ulike yrkesdagane. Fane2-ansvarleg har rutinar på å ta kontakt med dei som melder seg ut eller har kontingentsstopp. Me har val av tillitsvalde i dei ulike avdelingane minimum annakvart år. Me er godt synlege på facebook.

Offentlege tenester i eigen regi

Me diskuterer bruken av vikarbyrå med arbeidsgjevar, men slit med å få nok tilsette, spesielt i pleie/omsorg i begge kommunar.



FAGFORBUNDET

Britt Inger Myhr

Leiar/HTV

Liv Oda Dale
Nestleiar/eiar Yrkesseksjonen
kontor og administrasjon

Sigrun Reknes
Opplæringsansvarleg

Ann Jessica Fawcett
leiar Yrkesseksjonen samferdsel og teknisk

Merete Myhr Hope
leiar Yrkesseksjonen kyrkje, kultur og
oppvekst/Fane2

Lene Molland
leiar yrkesseksjonen helse og sosial

Hala Mtan
ungdomstillitsvald

Lillian Haugsdal
pensjonistillitsvald

Solveig Trodal
kasserar

Ann Camilla Wergeland
styremedlem

Kristin Meiling
styremedlem

Marian F Andvik
styremedlem

Monica Holme
varamedlem

Tone Høydal Duesund
varamedlem



FAGFORBUNDET